

## Tusen takk for støtta til Vatne/Tennfjord Røde kors!

### ***Her kjem litt om kva vi har gjort på i 2021!***

2021 starta likt som 2020 slutta, med Covid-restriksjonar og meteren. For å vere med på ei rask gjenopning av landet har vi vore aktivt med som sanitetsvakter ved vaksinerings, både på Gomerhuset på Skodje, men også i Sparebanken Møre arena. Vi har også hatt mannskap på Vigra, der vi har vore med å registrere og teste dei som har vore å reist med fly.

Hovudprioritet dette året har vore å få ferdig oppussinga av hytta vår på Reset ved Krogsætra. Hytta er endelig ferdig og vi er kjempestolte av resultatet! Vi har fått veldig god hjelp frå sponsorar og sambygdingar til å realisere dette prosjektet, noko vi er veldig takksam for! Tusen takk til alle som har bidratt! Til våren vil vi invitere alle på open dag på hytta!

Etterkvart som restriksjonane vart oppheva har vi kunne gjenoppta vanlig drift. Heldigvis var det opning for å avholde den tradisjonsrike julemessa i år- og det var den 38ande i rekka. Vi vil takke alle for den enorme responsen- både frivillige, utstillere og gjestar som kom på besøk! Det var veldig kjekt, og vi håper å sjå alle igjen i 2022!

### **Hjelpekorpsset er i full sving!**

Hjelpekorpsset har no 30 godkjente hjelpekorpsere som er klar til å rykke ut på aksjonar. Vi har korpskveldar annakvar tysdag der vi møtast for å trene på ulike scenario. Vi har vore ute på 10 aksjonar i 2021 og vi har hatt sanitetsvaktene på alle heimekampane til Aafk. Vidare har vi halde førstehjelpskurs for ulike bedrifter, vi har stilt med sanitetsvakter på ulike arrangement og i sommer møtte vi dåverande statsminister Erna Solberg som åpna beredskapssommaren 2021.

### **Omsorg er i gang med besøksteneste igjen**

Med Covid-restriksjonar og stengt for besøk på omsorgsarenaen har det første halvåret vore litt stille for omsorgsgruppa vår. Vi har likevel prøvd å glede bebuarar på omsorgsarenaen og i «svingen» med blomster til påske og i september var det ein heil gjeng som var med på busstur til Alnes. Dette var fole kjekt for alle- med god mat, godt selskap og litt kunst!



Takk for at du støttar den frivillige aktiviteten til Vatne/Tennfjord Røde Kors. Vi håper du blir med oss vidare i 2022!

Med vennleg helsing

Vatne/Tennfjord Røde Kors  
Lisbeth Fiksdal Hatlehol  
Leiar